Magnhild Haugen, doktorgradsstipendiat ved juridisk fakultet, UiT
Prosjekttittel: Samiske barns rett til opplæring i og på samisk i grunnskule og vidaregåande skule.
Hovudrettleiar: Mona Martnes.

Søknad om midlar til utanlandsopphald

Søknad om midlar til utanlandsopphald på New Zealand for perioden januar 2024 til og med april 2024.

Eg ynskjer med dette å søke om midlar til utanlandsopphald ved University of Aukland på New Zealand. Universitetet har eit fagmiljø som arbeider for urfolksrettar på opplæringsområdet, noko som vil vere relevant for mitt prosjekt.

Formål med utanlandsopphaldet og relevans for doktorgradsprosjektet

Formålet med utanlandsopphaldet vil vere å knytte seg til eit etablert forskingsmiljø som arbeider med språkforvaltning og språkrevitalisering i ein urfolkskontekst. Ved å besøke institusjonen ynskjer eg å lære meir om korleis ein arbeider med språkrettar i skule- og opplæringssektoren i ein urfolkskontekst som på fleire måtar liknar på samanes situasjon i Noreg.

Vidare ynskjer eg å lære meir om urfolkskonteksten på New Zealand, spesielt maorianes historie og situasjon i dag. Eg ynskjer blant anna å få eit innblikk kva formell og uformell status maorispråket har i samfunnet, og korleis språket blir brukt i offentleg samanheng.
I mi avhandling skal eg analysera korleis det nasjonale regelverket for opplæring i og på samisk i skulen bidreg til å realisere målet om fleire språkbrukarar. På New Zealand har ein på mange måtar lukkast med å auke talet på språkbrukarar, blant anna gjennom eit utdanningssystem som varetek retten til å lære maorispråket gjennom skuleløpet. Her vil det vere nyttig å sjå til eit system som lukkast for å undersøkje forskjellane mellom reglane som regulerer like rettar, men i ulike kontekstar. Ved å undersøke kva faktorar som fører til at ein lukkast på New Zealand, vil ein ha eit større grunnlag for å analysere opplæringslovas reglar. Ved å bli kjent med samfunnet, det politiske biletet, organiseringa og forvaltninga håpar eg å ta med meg kunnskap om korleis ein best mogleg kan regulera språkrettar for å sikre berekraftig språkforvaltning. Med denne erfaringa vil eg ha større moglegheit til å sjå styrker og svakheiter i det norske regelverket på språkforvaltningsområdet.

Tidsplan for opphaldet

Eg ser for meg å reisa i januar 2024. Eg planlegg ei reise på 4 månader. Denne tida vil gje meg moglegheit både til å gjere meg kjent med forskingsmiljøa ved University of Auckland, samt bli kjent med samfunnet og maorianes kultur.

Budsjett og finansieringsplan

Det er ikkje søkt om midlar frå eksterne kjelder.

Eg søkjer om midlar til meg og min sambuar. Søknaden tek utgangspunkt i kostnadane for reise, bustad og opphald etter dagens prisar. Prisane baserer seg på snittprisar frå Finn.no reise og utleigenettstadar for korttidsutleige i Auckland. Kostnadane som overstig dei innvilga midlane finansierast gjennom private midlar.

Budsjett, utanlandsopphald, Auckland	
Leige av hus/leilegheit inkl. straum, 4 x 26 000 kr	104 000 kr
Diett, 4 mnd. to personar (95 kr. pr døgn)	22 800 kr
Lokal transport 4 x 2000	8000 kr
Diverse utgifter 4 x 2500	10 000 kr
Sum opphaldskostnadar	**144 800 kr**
Budsjett reise:	
Flyreise Tromsø – Auckland t/r to personar	96 000 kr
Transport til/frå flyplass	1000 kr
Sum reisekostnadar	**97 000 kr**

Tilråding frå rettleiar

Anbefalingsbrev

Som hovedveilederen til Magnhild Haugen, anbefaler jeg at hun innvilges søknaden om forskningsopphold på New Zealand. Magnhild skal besøke University of Aucklands School of Māori and Indigenous Education. Her forskes det på urfolks rett til språkopplæring, spesielt på retten til opplæring på maorispråket. Magnhilds doktorgrad har temaet «Samiske elevers rett til opplæring i og på samisk i grunnskole og videregående skole». Det vil derfor være meget nyttig for henne å få innblikk i hvordan New Zealand har regulert rettigheten til språkopplæring og hvordan den forvaltes i deres skolesystem.

Magnhild har allerede kommet godt i gang i arbeidet med sin avhandling, og leverer jevnlig tekst til veiledning. Hun planlegger å være på New Zealand i 3-4 måneder på nyåret 2024. Dette vil være et gunstig tidspunkt i med tanke på at hun da vil ha kommet et godt stykke på vei med avhandlingen, samtidig som hun enda har god tid til den skal være ferdigstilt. Jeg tror det planlagte oppholdet på New Zealand vil bidra med verdifulle perspektiver til Magnhilds forskning.

Tromsø 13. januar 2022

Mona Martnes

Invitasjon frå den utanlandske lærestaden/forskingsmiljøet.
Invitasjon frå lærestaden vil ettersendast.